



Ole Kristian Skibenes
Postboks 8140 Dep
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/712 - 19/24363

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

26.11.2019

Varsel om kontroll av søknad om produksjonstilskot for søknadsomgangen 2019 for foretaket 986432361

Meland kommune viser til foretaket sin søknad om produksjonstilskot i jordbruket for 2019.

Kommunen skal kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til foretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon. Dette har heimel i forskrift om produksjonstilskot §10. Kommunen skal kontrollere minst 10 % av søkjarane kvart år, og det er både stadleg kontroll ute på gardane og dokumentkontroll. Du finn meir informasjon her. <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/aktuell-soknadsomgang#aktuelle-forskrifter>

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, og me melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter søknadsomgangen for 2019. Kommunen kan kontrollere heile eller delar av søknaden, og dette året er det gjødselplan og sprøytejournal som skal kontrollerast. Meir informasjon om gjødselplanlegging finn du på denne linken .

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/jordbruk-og-miljo/bondens-miljoplan/regelverk>

For å få produksjonstilskot er det eit vilkår at du har oppdatert gjødselplan eller ha fritak for plan og at du har plantevernjournal dersom du nyttar sprøytemiddel..

Kommunen ynskjer å få tilsendt kopi av gjødselplan og sprøytejournal for 2019, innan 13.12.19 på epost eller i papir.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vi ber om stadfesting av at de har motteke denne varslinga om kontroll
Dersom de har spørsmål til kontrollen eller treng lengre frist kan du kontakte undertekna (56171185/
95735405) epost: laila.bjorge@meland.kommune.no

Mottakere:

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Ole Kristian Skibenes

Postboks 8140
Dep

5918

FREKHAUG